



Foto: Ketil Sandviken

Spa? Nei. Kultursauna!

Ein turiststad med respekt for seg sjølv må sjølvsgatt ha spa - velværeavdeling. Hindsæter fjellhotell i Sjødalen gjer det på eige vis og byr på originale løysingar med kulturell vri.

Ketil Sandviken

Publisert 16.01.2010 kl 12:40 Oppdatert 22.01.2010 kl 11:56

- Det er ikkje noko spa. Dette er vår måte å formidle kulturhistorie på, samstundes som vi sørgjer for at gjestane skal trivast, seier Karola Wenzel og Andre Sundero og opnar den eldgamle «Singerdøra» til Hindsæters nyvinning: Hindholet kultursauna.

Det vesle fjellhotellet med 50 senger har investert ein million kroner i velværeavdeling.

Bar og dansesal er erstatta med ei stor badstu for 15 personar utforma som ein gammal tømralåve, ei mindre infraraud badstu bygd som ei steinbu, massasjebad som er kledd med røyrgatematerial frå det gamle kraftverket, regndusj og andre dusjar og direkte utgang til snøbad i sjodalens barske natur.

Det er brukt tømmer av ei fleire hundre år gammal falleferdig lyu i Russlia, værseliti panel frå hytte i øvre Sjødalen, stein frå ein gammal fjellhage, eldre dører frå hytter på Hindsæter og treverk frå den gamle røyrgata frå det første kraftverket i Sjøa.

Prikken over i-en er eine vegg inntil steinbadstua. Den ser ut som eit einaste stort bjørkelag; er det også, kubbane er limt til vegg for alltid. Verten har henta inspirasjon frå gamle dagar da det vart pynta opp rundt store peisar med den finaste veden.

Tømraveggane som kler den store badstua og eine langveggen er eit fargespel i seg sjølv.

- Vi trudde lyu var heilt gjennområde, men sjå her, veden er knuskturr. Det er heilt utruleg til motstandskraft i fjellfuru vår, kvalitetsvyrkje av beste rang, og det er det fint å fortelja om og vise fram. Klima og seintveksande fjellfuru

fortel kvifor vi har av verdas eldste trehus, forklarar Sundero. Når han sjølv ikkje held foredrag for gjestane, kan dei lesa om det på veggane i Hindholet. Små informasjonsskilt i værsliti innramming formidlar kulturhistorie om Sjødalen.

Sundero dreiv frå før aktivitetsfirmaet Upptur med fosserenning, juving, turar med og utan ski og truger innover flyer og toppar.

I 2003 kjøpte han Hindsæter og har satsa mange millionar på utvida sesong og vinterturisme i ein kombinasjon av tur, mat, natur og kultur i vid forstand.

Romjuls- og nyttårshelga vart avslutta med nesten fullt hus.

Etter tre vekers opphald blir fjellhotellet gjenopna 29. januar. Frå 8. februar er det fullt til langt ut i mars.

LES OGSÅ: Disse tilbyr spa og velvære i fjellheimen

Innholdet i utskriften er vernet etter åndsverklovens regler.

Utskriften er kun til privat bruk og kan ikke benyttes på annen måte.

Kopiering eller spredning av innholdet krever avtale med rettighetshaver eller Kopinor.

